



Til:

Lindås kommune Teknisk drift
v/ Berit Karin Bruvoll

Gjenpart til:

Geir Styve

Vår ref

Deres ref

Dato

2011225_sv_tekplan_veg_va_17_9_14.docx

17. september 2014

HELLEÅSEN - TEKNISK PLAN

SAK: SVAR PÅ MERKNAD I EPOST AV 16.SEPTEMBER 2014

Viser til motteke epost. Nedanfor har vi svart på merknadar og spørsmål i eposten.

Veg 1 Fortau

Vi har retta teikning 201 og fjerna påførte "sebrastriper". Fortau vert som opplys senka ved kryssing av veg. Vi legg ved revidert teikning 201 Rev B.

VA-anlegg - traceval

Alle tracar knytt til VA-anlegg vert lagt utanfor bygningar og i samsvar med VA-norm. Eventuelle feil på teikninar vert retta.

På innsendte teikningar der bygningar i område er vist, kan det sjå ut som om nokre leidningar vil koma inn under garasjer i BK. Her burde vi ha lagt inn "HOLD" då vi ikke er ferdig med endeleg plassering av garasjer i området. Når plassering er avklart, rettar vi VA-teikningar slik at trace er i samsvar med VA-norm. For bnr 154, har vi retta trace slik at denne no ligg utanfor garasje. Vi legg ved revidert teikning 210RevF, 211RevB og 213RevB der vassleidning på bnr 154 er retta.

Bygningar - byggjegrense

Endeleg plassering vert vist ved byggjesøknad knytt til dei enkelte bygga. Utgangspunktet er at alle bygg skal plasserast innanfor byggjegrensa.

Vassforsyning for bnr 35 og avtale med bnr 154

Avtale mellom bnr 35, 154 og grunneigar bnr 3 er lagt ved. Denne vart signert 28.3.2014 og før noko arbeid vart starta i området. Så snart vassforsyninga er etablert i hovudtrac, verta det søkt om tilkopling for bnr 35.

Midlertidig vassforsyning og kommunikasjon med Lindås kommune

Eigar av bnr 154 var klar over at ein måtte ha ei midlertidig løysing i byggjepериодen for å sikra vassforsyning til bnr 35 som hadde brønn på bnr 154. Eigar forhørte seg derfor med nabo og kommunen om ein kunne leggja ut leidning midlertidig. Svaret var positivt og det vart etablerte midlertidig tilkopling frå nabo. Vi legg ved svaret vi har fått frå eigar av bnr 154 - sjå tekstboks.

Hei,

Forstår det slik at det er spørsmål om kven eg snakka med i mars angåande den midlertidige vassforsyninga på tomten vår:

Før vi byrja noko arbeid ringte eg byggesaksvakta og forklarte situasjonen vår; at vi var låst i oppstarten uten å fjerne brønn på tomten. Eg meiner han eg snakka med den dagen presenterte seg som «Bjørnevoll». Eg kjenner ikkje folka på kommunen godt nok til å «ha eit forhold til» dei som tar telefonen eller merke meg stemma. Grunnen til at eg ikkje noterte meg navnet vidare var at eg fekk eit svar som var så greitt, og det virka som ein heilt grei sak; «Jau, om det var greitt for dei eg henta vatnet frå og berre eg sørga for å bruka rørleggjar til å montere dei midlertidige slangane, så kunne no ikkje det vere noko problem». Eg fekk klart inntrykk av at det var heilt forståelis at det var jo slik at det måtte uansett ei mellombels løysing til, under arbeid med tomten og det nye vassanlegget. I og med at vi hadde ein grei avtale med naboane om brønnane og at vi hadde klarert med nabo Husa om lån av vatn, virka jo dette då som ei veldig grei sak.


Vi har handla etter rådet eg fekk på telefon, i god tru om at dette var heilt greitt. Vi har også lagt ut fleire tusen på rørleggjar, slanger, trykkreduksjonsutstyr osv for denne ordninga slik at alt skulle vere i ordna former. Av same grunn ringte eg kommunen og spurte; vi ville ikkje gjere noko som ikkje var ok.

Med helsing

Heidi Styve
Mobil 976 30 598

Skulle noko fortsatt vera uklart er det berre å ta kontakt.

Venleg helsing
for
ADU Ingeniør Atle D. Utkilen'



Atle Utkilen

Vedlegg:

- *avtale vedr vassforsyning*
- *Teikning 201B - fortau - sebramerker fjerna*
- *Teikning 210F justert vassleidning på bnr 154*
- *Teikning 211B -"-*
- *Teikning 213B -"-*